Kontrollutvalet i Gaular heldt møte 25.05.12. Under møtet, sak 20/12 Orientering – Helse- sosial pleie- og omsorgstenesta i Gaular vedtok kontrollutvalet at det ynskjer orientering frå rådmannen om helse- sosial pleie- og omsorgstenesta.

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei kort orientering (30 – 45 min.) om helse- sosial- pleie- og omsorgstenesta der aktuelle tema til dømes kan vere oppgåver, regelverk og retningslinjer tenesta skal følgje, vedtak ein må etterleve, resultat i høve til mål for tenesta og særskilte utfordringar tenesta står overfor internt og eksternt.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

Neste møte i kontrollutvalet i Gaular er sett til 25. oktober 2012. Vi tek atterhald om endring på denne møtedatoen.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Org nr.	Bankgiro	Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

025/12 ORIENTERING – SYSTEM OG RUTINAR FOR Å HALDE SVARFRISTAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 11.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.10.2012	025/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Gaular kommune den 29.06.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 021/12 «Orientering – overhalding svarfristar i Gaular».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa om system og rutinar for å halde svarfristar vert teken til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

ORIENTERING – SYSTEM OG RUTINAR FOR Å HALDE SVARFRISTAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering om svarfristar.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 25.05.2012 tok kontrollutvalet opp sak om at dei ynskjer orientering om kva rutinar og system har på dei ulike tenestoområda slik at dei sikrar at svar på førespurnader vert gjeve i samsvar med lova. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 021/12
Orientering – overhalding svarfristar i Gaular: m helse- sosial- pleie- og omsorgssektoren gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak: *Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om overhalding av svarfristar.*

Administrasjonen i Gaular kommune er pr. brev 29.06.12 varsla om at ein vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere i saka.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gaular kommune

6873 SANDE I SUNNFJORD

Førde, 29.06.12

Dykkar ref.: Vår ref.: At Jnr.: 321/12 Arkiv: Gaular

ORIENTERING OVERHALDING SVARFRISTAR \STAR

Kontrollutvalet i Gaular heldt møte 25.05.12. Under møtet, sak 21/12 Orientering – Overhalding svarfristar i Gaular vedtok kontrollutvalet å kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om overhalding av svarfristar.

Kontrollutvalet ynskjer informasjon om kva rutinar kommunen har på tenestekområda i kommunen, slik at svar vert gjeve i samsvar med lova.


Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

Neste møte i kontrollutvalet i Gaular er sett til 25. oktober 2012. Vi tek atterhald om endring på denne møtedatoen.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



Org nr.	Bankgiro	Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

026/12 OPPFØLGING AV KOMMUNESTYRET SINE MERKNADER TIL FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT SJØLVKOSTBEREKNINGAR VAR-SEKTOREN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 11.12.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.10.2012	026/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Brev frå Sekom sekretariat til Gaular kommune, datert 29.06.12.
- E-postar mellom Sekom sekretariat og Gaular kommune, datert 10.10.12.
- E-postar mellom Sekom sekretariat og Kryss revisjon, datert 10. – 15.10.12.

Ikkje vedlagte dokument

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
Kontrollutvalsak 016/10,

Tilråding frå sekretariatet til kontrollutvalet:

1. Kommunestyret tek til vitande at administrasjonen delvis har følgd opp merknadane kommunestyret hadde i kommunestyresak 05/11 10.03.2011 til forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren» av 23.08.2010, og at det er gjort tiltak slik at:
 - o Mindreforbruk innan sjølvkostområdet vert overført bunde fond.
 - o Fondsmidlane på sjølvkostområdet vert nytta innan tidsfristane som gjeld.
 - o Alle kjende kostnader vert førte i sjølvkostrekneskapen.
2. Kommunestyret ber om at administrasjonen legg fram ei sak for kommunestyret om inndeckingsgrad for dei sjølvkostområda som ikkje krev 100% inndecking, slik at kommunestyret gjer eit prinsippvedtak om kva inndeckingsgrad ein skal ha på desse sjølvkostområda.
3. Kommunestyret ber kontrollutvalet følgje opp saka vidare.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET

**OPPFØLGING AV KOMMUNESTYRET SINE MERKNADER TIL
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT SJØLVKOSTBEREKNINGAR VAR-
SEKTOREN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet si oppfølging av merknadane kommunestyret hadde i kommunestyresak 05/11 10.03.2011 til forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren», datert 23.08.2010.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2004, skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgt opp. Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapportar er blitt følgt opp.

Kontrollutvalet i Gaular heldt møte 25.05.2012 og gjorde då vedtak om å følgje opp merknadane kommunestyret hadde til forvaltningsrevisjonsrapporten "Sjølvkostberekningar VAR-sektoren".

Rapporten vart levert av KRYSS-revisjon 23.08.2010 og vart handsama i kontrollutvalet 07.09.2010 og i kommunestyret 10.03.2011. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

- *Kommunestyret tek kontrollutvalet sin forvaltningsrevisjon til orientering og etterretning jfr Problemstilling 1 og 2 i rapporten.*

Tilrådingane frå KRYSS-revisjon i rapporten på dei to problemstillingane var som følgjer:
Problemstilling 1: Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm som vert nytt i andre kommunar? Sjå spesielt på nivået som refererer seg til «administrativ» tid/kostnad. Samsvarar denne tida/kostnaden med verkeleg medgått tid/kostnad?

Tilråding Vi rår kommunen så langt det er praktisk forsvarleg å føre alle kjende kostnader inn i sjølvkostrekneskapen. Dersom det ikkje føreligg politisk vedtak på inndeckingsgraden innforbi sjølvkostområda, rår vi kommunen til å få det politisk avklara i form av eit prinsipielt vedtak i kommunestyret.

Problemstilling 2: Vert mindreforbruk overført bunde fond, og vert fondsmidlane nytta innan tidsfristar som gjeld?

Tilråding: Gaular kommune bør ta inn over seg revisor sine presiseringar i revisjonsmeldingane for åra 2007, 2008 og 2009. Gaular kommune bør endre sin rekneskapspraksis på sjølvkostområdet, slik at han samsvarar med god kommunal rekneskapsskikk.

Kontrollutvalet har registrert at det i revisjonsmeldingane for åra 2010 og 2011 ikkje er tilsvarande presiseringar som for åra 2007, 2008 og 2009. Kontrollutvalet vurderer det derfor slik at tilhøvet rundt overføring av mindreforbruk til fond og bruk av fondsmidlane innan tidsfristane er ordna opp i. Det er derfor ikkje gjort vidare tiltak for å stadfeste dette.

29.06.2012 har Sekom sekretariat i brev til rådmannen bede om tilbakemelding om korleis administrasjonen har teke tak i tilrådingane frå revisor på problemstilling 1. Det er motteke svar frå administrasjonen 10.10.2012. Av denne går det fram at administrasjonen no set opp notar til budsjettet og tek i utrekninga, både i budsjettet og rekneskapet, med alle kostnadane til kvart sjølvkostområde. Administrasjonen skriv at dei i høve til det rekneskapsmessige meiner at det er i orden og slik det skal vere.

Når det gjeld inndekkingsgrad, ser administrasjonen det slik at det vil vere vanskeleg å fatte prinsippvedtak vedrørande %-sats over tid. Administrasjonen vil derfor i staden leggje ved ein tabell i kommunestyrevedtaket til budsjettet som syner inndekkingsgrad for budsjettåret for kvart sjølvkostområde, som samsvarar med inndekkingsgrada i notane. Sjå elles vedlagte e-post av 10.10.2012 frå administrasjonen.

Sekom sekretariat har sendt administrasjonen sitt svar vidare til Kryss revisjon for å få klargjort om løysinga til administrasjonen er tilfredsstillande. Sekom sekretariat har motteke følgjande svar:

«Etter forureiningslova er det pålagt at forureinar skal betale fullt ut for forureiningskostnaden. Det betyr at du og eg SKAL betale 100 % av kostnaden med vårt eige boss. Det er altså ikkje høve for ein kommune eller eit interkommunalt renovasjonsverk å subsidiere innbyggjarane sine kostnader med privat boss.

For dei andre sjølvkostområda (vatn avlaup m.mm) er det ikkje sagt noko i regelverket om kor høg inndekning ein kommune er pliktig å ta av innbyggjarane. Det som derimot er sagt i lovverket her er at øvre ramme for gebyr ikkje skal overstige 100 % av kostnaden med å frambringe desse tenestene (vatn i springen og dertilhørande avløpsvatn inkl toalett)

Det eg meinte i min rapport er difor at eg meiner det vil være klargjerande for adm om kommunestyret reint prinsipielt i vedtaks form seier noko om kor stor inndekking dei meiner innbyggjarane skal betale for vatn, avlaup m.m. Slik det er i dag er det ikkje noko i regelverket som seier at ein kommune ikkje kan subsidiere desse tenestene. Eg meiner difor at ei evt mindre inndekking eller eit prinsipp om full inndekking også her bør vere politisk bestemt».

Kontrollutvalet skal i saka, som sagt i innleiinga, rapportere vidare til kommunestyret kva som er gjort i høve til merknadane kommunestyret hadde til rapporten. Dette kan skje enten ved at saka går til handsaming i kommunestyret eller ved at saka vert sendt som orienteringssak til kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet vurderer det slik at administrasjonen har teke tak i merknadane kommunestyret hadde til rapport etter forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren» på ein slik måte at ein kan seie at alle punkt med unntak av å få gjort eit prinsippvedtak om kva inndekkingsgrad ein skal ha på sjølvkostområde som ikkje krev 100% inndekking er effektuerte. Sekretariatet tilrår derfor at ein melder tilbake til kommunestyret kva som er gjort av tiltak, og at kontrollutvalet vidare tilrår at kommunestyret fattar vedtak om at administrasjonen legg fram ei sak for kommunestyret, slik at kommunestyret kan gjere prinsippvedtak om kva inndekkingsgrad ein skal ha på sjølvkostområde som ikkje krev 100% inndekking.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gaular kommune

6973 SANDE I SUNNFJORD

Førde, 29.06.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Ref.nr.: 322/12

Arkiv: Gaular

OPPFØLGING AV KOMMUNESTYRET SINE MERKNADER TIL FORVALTINGSREVISJONSRAPPORTEN SJØLVKOSTBEREKNINGAR VAR-SEKTOREN

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2004, skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgt opp. Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapportar er blitt følgt opp.

Kontrollutvalet i Gaular heldt møte 25.05.2012 og gjorde då vedtak om å følgje opp merknadane kommunestyret hadde til forvaltningsrevisjonsrapporten "Sjølvkostberekningar VAR-sektoren".

Rapporten vart levert av KRYSS-revisjon 23.08.2010 og vart handsama i kontrollutvalet 07.09.2010 og i kommunestyret 17.02.2011. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

- *Kommunestyret tek kontrollutvalet sin forvaltningsrevisjon til orientering og etterretning jfr Problemstilling 1 og 2 i rapporten.*

Tilrådingane frå KRYSS-revisjon i rapporten på dei to problemstillingane var som følgjer:

Problemstilling 1: Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm som vert nytt i andre kommunar? Sjå spesielt på nivået som refererer seg til «administrativ» tid/kostnad. Samsvarar denne tida/kostnaden med verkeleg medgått tid/kostnad?

Tilråding: Vi rår kommunen så langt det er praktisk forsvareleg å føre alle kjende kostnader inn i sjølvkostrekneskapen. Dersom det ikkje føreligg politisk vedtak på inndekkingsgraden innforbi sjølvkostområda, rår vi kommunen til å få det politisk avklara i form av eit prinsipielt vedtak i kommunestyret.

Problemstilling 2: Vert mindreforbruk overført bunde fond, og vert fondsmidlane nytta innan tidsfristar som gjeld?

Tilråding: Gaular kommune bør ta inn over seg revisor sine presiseringar i revisjonsmeldingane for åra 2007, 2008 og 2009. Gaular kommune bør endre sin rekneskapspraksis på sjølvkostområdet, slik at han samsvarar med god kommunal rekneskapsskikk.

Vi registrer at det i revisjonsmeldingane for åra 2010 og 2011 ikkje er tilsvarende presiseringar som for åra 2007, 2008 og 2009. Vi ser derfor på dette tilhøvet som ordna.

Vi ber etter dette om skriftleg tilbakemelding på kva som er gjort i høve til problemstilling 1 i rapporten.


Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Det kan bli aktuelt å kalle inn rådmannen til kontrollutvalsmøtet når saka skal handsamast der.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

Tveit Asgeir

Fra: Navelsaker Kjell
Sendt: 10. oktober 2012 15:25
Til: Tveit Asgeir
Kopi: Følid Helge; 'aud.lunde@gmail.com'
Emne: SV: Oppfølging merknader forvaltningsrevisjonsrapport - Gaular

Syner til telefonsamtale i dag.

Eg beklagar at de ikkje har fått svar på skrivet som vi har mottatt.

Når det gjeld spørsmålstilling 1 så set vi no opp notar til budsjettet og tek utrekninga, både i budsjettet og reknskapet, med alle kostnadane til kvart sjølvkostområde. Det reknskapsmessige meiner eg derfor er i orden slik det skal vere.

Når det gjeld inndeckingsgrad, så trur eg det vil vere vanskeleg å fatte eit prinsippvedtak vedrørende %-sats over tid. Mitt forslag er at det med skal følgje med ein tabell i kommunestyrevedtaket som syner inndeckingsgrad for budsjettåret for kvart sjølvkostområde, som samsvarar med inndeckingsgrada i notane.

Mvh

Kjell Navelsaker
etatssjef

Fra: Gaular Postmottak
Sendt: 10. oktober 2012 14:20
Til: Navelsaker Kjell
Emne: VS: Oppfølging merknader forvaltningsrevisjonsrapport - Gaular

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 10. oktober 2012 13:59
Til: Gaular Postmottak
Kopi: 'Lunde Aud (aud.lunde@gmail.com)'; Følid Helge
Emne: VS: Oppfølging merknader forvaltningsrevisjonsrapport - Gaular

Vi kan ikkje sjå at vi har fått svar på dette brevet. Vi ber om snarleg tilbakemelding. Kontrollutvalet har møte 22.10.2012.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Twitter: @sgrtv

I 433/12

Tveit Asgeir

Fra: Litsheim Charles
Sendt: 15. oktober 2012 11:11
Til: Tveit Asgeir
Emne: Ang prosjekt i Gaular - VAR sjølvkost

Hei

Viser til tlf samtale no nettopp. Eg sit ikkje med rapporten framføre meg no, men det saka gjeld er dette:

Etter forureiningslova er det pålagt at forureinar skal betale fullt ut for forureiningskostnaden. Det betyr at du og eg SKAL betale 100 % av kostnaden med vårt eige boss. Det er altså ikkje høve for ein kommune eller eit interkommunalt renovasjonsverk å subsidiere innbyggjarane sine kostnader med privat boss.

For dei andre sjølvkostområda (vatn avlaup m.mm) er det ikkje sagt noko i regelverket om kor høg inndekning ein kommune er pliktig å ta av innbyggjarane. Det som derimot er sagt i lovverket her er at øvre ramme for gebyr ikkje skal overstige 100 % av kostanden med å frambringe desse tenestene (vatn i springen og dertilhørande avløpsvatn inkl toaltett)

Det eg meinte i min rapport er difor at eg meiner det vil være klårgjerande for adm om kommunestyret reint prinsippielt i vedtaks form seier noko om kor stor inndekking dei meiner innbyggjarane skal betale for vatn, avlaup m.m. Slik det er i dag er det ikkje noko i regleverket som seier at ein kommune ikkje kan subsidiere desse tenestene. Eg meiner difor at ei evt mindreinndekking eller eit prinsipp om full inndekking også her bør vere politisk bestemt.

Voner denne forklaringa er til hjelp.
Om ikkje ta kontakt med underteikna.

Med beste helsing

Charles Litsheim
Rev.sjef forvaltning
mob: 91333046
e-post: Charles.litsheim@kryssrevisjon.no

027/12: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT –INNKJØPSFUNKSJONEN – GAULAR KOMMUNE – STATUS

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 12.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.10.2012	27/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- E-post frå KRYSS revisjon til Sekom sekretariat om statusoppdatering forvaltningsrevisjonsprosjekt, datert 04.09.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 14/08, 25/10, 02/11, 13/11, 21/11 og 15/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Statusmelding i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune» om at prosjektet er forseinka i høve til prosjektplanen som vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 25.05.2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØPSFUNKSJONEN – GAULAR KOMMUNE – STATUS

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Status i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsfunksjonen – Gaular kommune».

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 29.03.2011 under sak 013/11 "Forvaltningsrevisjonsprosjekt Vurdering innkjøpsfunksjonen – Gaular kommune – endeleg val av prosjekt" valte kontrollutvalet at det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonsprosjekt inn mot innkjøpsfunksjonen på eit generelt grunnlag.

I kontrollutvalsmøte 19.05.2011 vart tingsingsdokumentet for prosjektet vedteke, og tinginga vart sendt KRYSS revisjon same dag. Av tingsingsdokumentet går det fram at KRYSS revisjon skal levere gjennomføringsplan for prosjektet.

I kontrollutvalsmøtet 25.05.2012 vart gjennomføringsplan for prosjektet lagt fram for kontrollutvalet. Av denne gjekk det fram at ein forventar å levere rapport for prosjektet i august 2012.

04.09.2012 er det motteken statusoppdatering for prosjektet. Av denne går det fram at ein er forseinka i arbeidet med prosjektet og ikkje kunne leggje fram rapport innan for den frist som gjekk fram av gjennomføringsplanen. Det er ikkje opplyst om kva dato ein forventar å levere rapport for prosjektet. E-post frå KRYSS revisjon av 04.09.2012 ligg ved for nærare detaljar.

Sekretariatet sine vurderingar:

Tveit Asgeir

Emne:

SV: Statusoppdatering på to forv.rev.prosjekt.

Fra: Litsheim Charles

Sendt: 4. september 2012 07:59

Til: Øvrebø Vidar; Tveit Asgeir

Emne: Statusoppdatering på to forv.rev.prosjekt.

Når det gjeld prosjektet i Gaular med tittelen «Innkjøpsfunksjonen» skreiv eg i e-posten av 10.11 at det var vanskeleg å vurdere når prosjektet kan ferdigstillast, men at vi håpte på noko i løpet av fyrste halvår. Vi er i dag i andre halvår og eg er om lag midt i prosjektet. Utfordringa her er å svare på problemstillingane utan at timebruken og omfanget vert for stort. Det er eit stort område, og det er mykje faglitteratur, reglar, avtalar og dommar som regulerar kva spelerom og begrensningar ein kommune har innafor innkjøpsområdet.

○ Kan uansett seie at eg vil seie noko om rutinane og internkontrollen kring innkjøp i Gaular. Eg ser også for meg at eg i samarbeid med Kari Sygna gjer eit utplukk av innkjøp, der kontrollane mot desse kjøpa vert samanstilt med absolutte må-krav i lov og forskriftsverket.

Med beste helsing

Charles Litsheim

Rev.sjef forvaltning

mob: 91333046

e-post: Charles.litsheim@kryssrevisjon.no

028.12 BUDSJETT 2013 DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM-sekretariat
Dato: 12.10.2012

Utvål	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	22.10.2012	028/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Notat godtgjersle til folkevalde i 2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommuneleva.
- Reglement/vedtak for godtgjersle til folkevalde i Gaular kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 3.000,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	Kr. 45.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 2.500,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	Kr. 10.000,-
Konto 11959 Kontingentar	Kr. 1.500,-
Konto 11651 telefongodtgjersle	kr. 2.000,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 64.000,-</u>

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

BUDSJETT 2013 DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Gaular kommune.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle
Køregodtgjersle.
Tappt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Telefongodtgjersle
Andre utgifter

Dagens satsar:

- Kost- og køregodtgjersle vert regulert etter statens regulativ.
- Tappt arbeidsforteneste. : Ulegitimert kr. 1.069,- pr. dag. Legitimert tap arbeidsforteneste vert dekkja etter dokumentasjon inntil kr. 2.641,-. Villkår for utbetaling av tappt arbeidsforteneste er at fråværet er på minst fire timar pr. møtedag.
- Møtegodtgjersle medlemmer i kontrollutvalet er kr. 824 og for leiar i kontrollutvalet kr. 16.278,- pr. år.

Gaular kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Gaular kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I GAULAR KOMMUNE 2013

Konto

11600 Køyregodtgjersle	3000 (5*3,90*150)
10800 Tapt arbeidsforteneste	12000 (2*1069*5*1,12)
10800 Møtegodtgjersle	33000 (5*4*824)+ leiar 16278,-
10990 Arbeidsgjevaravgift	2500 10,6% av møtegodtgj. og tapt arb.fort.
11500 Kurs/seminar	10000
11959 Kontingent FKT	1500
11651 Telefongodtgjersle	2000 (1977 kr)
Drift	64000



Saksnr.
11/893

Arkivkode
FE-151

Journalnr.
12/1182

Sakshandsamar
HFØ

Dato
01.02.2012

Godtgjersle til folkevalde 2012.

Reglement for godtgjersle til folkevalde vart vedteke i sak K 69/93. Den godtgjersla som då vart fastsett har sidan vorte justert årleg i samsvar med lønsveksten i kommunesektoren.

For å få utbetalt tapt arbeidsforteneste er det føresett fråver på minst 4 timar pr. møtedag. Pensjonistar får ikkje utbetalt tapt arbeidsforteneste. I tillegg vert dekkja skyss etter regulativ for tilsette og legitimerte utgifter til barnepass eller andre omsorgsplikter. For tapt arbeidsforteneste kjem feriepengar i tillegg til den fastsette satsen.

Satsane:

Gjeldande/nye satsar:	2009	2010	2011	2012
Møtegodtgjersle	517	776	800	824
Ulegitimert tapt arbeidsforteneste	672	1.008	1.038	1.069
Legitimert tapt arbeidsforteneste	1.659	2.489	2.564	2.641
Varaordførar, (+ formannskapsgodtgj.)	12.781	19.172	19.747	20.339
Formannskap	10.229	15.344	15.804	16.278
Leiar i hovudutval, kontrollutval og overfor	10.229	15.344	15.804	16.278
Leiar i takstnemnd og overtakstnemnd	5.528	8.292	8.541	8.797
Medl. I takstn. Og overtakstn. Pr. Møte	1.242	1.242	1.242	1.242
Telefongodtgj. til formannskapsmed- lemer(unntatte ordførar) og leiarar i hovudutval	1.242	1.863	1.919	1.977
Tlf. Godtj. Leiarar i kontrollutval, overform og takstnemnder		1.863	1.919	1.977

Satsane er i 2012 auka med 3 %. Møtegodtgjersle til takstnemndene skal ikkje justerast før dei vert lik den vanlege møtegodtgjersla.

Godtgjersle til varaordførar, formannskap og leiarane i utvala gjeld for heile året og vert delt i høve til den tida dei fungerer i ombodet.

Utbetaling av møtegodtgjersle skjer etter kvart møte.

Helge Følid
rådmann

029/12 OPPFØLGINGSLISTE 3-2012

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 12.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	22.10.2012	029/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2012 Gaular.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 - GAULAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 15.10.2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaufande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2011 - Gaular.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.
016/10 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren	07.09.10		07.09.10 Tilråding til kst 14.09.10 s Gaular 01.02.11 KU ber om at rapporten vert lagt fram for kst. 01.02.11 Brev til Gaular kommune. 06.04.11 Bede om å få tilsendt kommunestyrevedtak. 10.03.11 Vedtak kst sak 05/11. 29.06.12 Brev oppfølging kst sine merknader. 10.10.12 e-post frå administrasjonen. 10.10.12 E- post frå sekom til kryss 15.10.12 E-post frå sekom til kryss
21/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt; Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune – tingsingsdokument	19.05.11	Leverast i august 2012, jfr gj f pl frå KRYSS	19.05.11 Vedtak KU: 1. Tinginga for prosjektet "Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune" vert godkjent. 2.Tingsingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. 21.05.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon for oprasjonalisering. 18.04.12 Motteke gjennomføringsplan frå KRYSS. 04.09.12 Motteke statusrapport.
09/12 Overordna analyse.	01.02.12		01.02.12 Vedtak KU – Tinge frå KRYSS
11/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU – Ikkje merknader
12/12 Skriv og meldingar.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
13/12 Orientering om skule- og kulturetaten.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
14/12 Årsrekneskapen 2011 – Gaular kommune.	25.05.12		25.05.12 Tilråding til kst 25.05.12 s kst 28.06.12 Vedtak kst sak 035/12.
15/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU Teke til vitande. 04.09.12 E-post frå Kryss m status i arb.
16/12 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU Teke til vitande og s kst til orientering. 25.05.12 s kst 28.06.12 kst sak 022/12
17/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – Gaular kommune.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU: - Kontrollutvalet ber om at plan for kontrollutvalsmøte vert lagt inn i den elektroniske møtekalendaren på heimesida til Gaular kommune. 29.06.12 Registrert at dette ligg inne på heimesida til Gaular. - Kontrollutvalet tek opp sak om å følgje opp kommunestyret sine merknader til rapporten Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.
18/12 Eventuelt.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU

			- Det vart teke opp sak om å kalle inn administrasjonen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om helse-, sosial-, pleie- og omsorgstenesta. - Det vart teke opp sak om å kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om overhalding av svarfristar. - Kontrollutvalsleiar sender ut oppmoding til medlemene i kontrollutvalet om å møte i møta. Sekretariatet utformar forslag til brev. Det vert sendt kopi til kommunestyret. 08.06.11: Brev til Gaular kommune om retningslinjer for lovleg forfall. 29.06.12 Forslag til brev s kontrollutvalsleiar medlemer og vara. 29.06.12 Brev s kontrollutvalet med kopi til kst.
19/12 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU - Merknadene til kommunestyret etter forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren» datert 23.08.2010 vert følgt opp. - Kontrollutvalet ber administrasjonen om ei skriftleg tilbakemelding på kva som er gjort for å effektivisere merknadane kommunestyret hadde til rapporten 29.06.12 Brev s kommunen. 10.10.12 E-post frå adm til sekom. 10.10.12 E-post frå sekom til kryss 15.10.12 Epost frå kryss til sekom
20/12 Orientering – Helse-sosial- pleie- og omsorgstenesta i Gaular	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om helse-, sosial-, pleie-, og omsorgstenesta i Gaular. 29.06.12 Brev s kommunen.
21/12 Orientering – Overhalding svarfristar i Gaular	25.05.12		25.05.12 Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om overhalding av svarfristar. 29.06.12 Brev s kommunen

Oppdatert 15.10.12

030/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 12.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.10.2012	030/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.